

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Hilde-Lill Våge	<b>Arkivkode:</b> FE-141
<b>Arkivsaksnr:</b> 23/480	<b>Løpenr:</b> 23/4987
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	01.06.2023	030/2023
Kommunestyret	15.06.2023	043/2023

**Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2023–2035****15.06.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Karl Bård Kollbotn (Frp) sette fram framlegg om å trekka konsulentfirmaet ABO Plan & Arkitektur ut av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Det vart røysta over framlegget til Karl Bård Kollbotn. Framlegget fall med 5 mot 16 røyster.

<b>For</b>	<b>Imot</b>
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Odd Arne Haga (Frp)	Lena Tveit (Bl)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Dag Nydal (Bl)	Ove Totland (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Øyvind Steinsland (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Evelyn Frøland (Bl)
	Oddrun Lemme Sandvin (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Harald Boge (Ap)
	Jon Magne Bogevik (Ap)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Arild Røen (H)
	Magni Petersen (MDG)
	Marijke Strømmen (MDG)
	Monica Tjønnå (Uavh)

Det vart etter dette røysta over innstillinga til formannskapet, som vart samrøystes vedteken.

**KS- 043/2023 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-2, 11-12 og 11-13 vert det varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel, og planprogram for arbeidet vert lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad.

#### **01.06.2023 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 mot 1 røyst.

<b>For</b>	<b>Imot</b>
Knut Harald Frøland (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Martin Haugen (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Jon Magne Bøgevik (Ap)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	
Monica Tjønnhaugen (Uavh)	

#### **FORM- 030/2023 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-2, 11-12 og 11-13 vert det varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel, og planprogram for arbeidet vert lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-2, 11-12 og 11-13 vert det varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel, og planprogram for arbeidet vert lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad.

#### **Dokument som er vedlagt:**

Planprogram samfunnsdelenen 2023 - 2035

#### **Saksopplysningar:**

##### **Bakgrunn for saka:**

I løpet av valbolken skal kommunen revidere ev. lage ny kommuneplan – samfunnsdel. Samnanger sin plan gjekk ut i 2017 og det trengs ny plan.

##### **Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:**

Planarbeidet vert regulert av Plan- og bygningslova og det skal verte utarbeidd eit planprogram for arbeidet som skal drøftast og godkjennast av kommunestyret.

Planprogrammet som no er utarbeidd ligg ved. I det er det stilt nokon spørsmål merka med raudt/grønt som kan drøftast i møtet.

I planprogrammet vert det reist ei rekkje spørsmål og problemstillingar som kommunen gjennom medverking og felles drøftingar skal finne sine mål og ønskje.

Det er prøvd å få med aktuelle tema i vedlagte forslag. Er det ønskje om andre tema og meir fordjuping, må dette komme fram no i planprogrammet.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Kommunestyret bør ta stilling til om visjonen : *Der du vil leva og bu* – skal verte vidareført. Kva skal ambisjonsnivået vera ? Attraktiv næringskommune? Pendlar- og bukommune? Det bør og komme tydeleg fram retninga kommunen ønskjer å styre mot.

Samfunnsdelen er «sjefen» over alle planar i kommuneplanhierarkiet og eit viktig planarbeid. Medverknad er ei føresetnad for å få eit godt resultat og ein god plan. Kommunestyret er sentralt i dette arbeidet og får i planarbeidet ein god anledning til å møte innbyggjarane på folkemøte, dialogmøte og workshops.

Parallelt vert det òg utarbeidd temaplan for helse og omsorg, og temaplan for oppvekst. Noko medverknad frå innbyggjarar og brukarar kan samkøyrast med samfunnsplanarbeidet.